

PRISAR FOR BRUK AV HAMNER OG FARLEI I HERØY KOMMUNE

Vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak 163/24 den 12.12.2024 - Gjeldande frå 01.01.2025

Alle prisar er eksklusiv meirverdiavgift og eventuelle andre avgifter.

Farvassavgift

Farvassavgift er fartøyet sin betaling for bruk av farvatn, sjøareal, innretningar og tiltak som vil kunne medverke til å lette fartøyet sin ferdsel i kommunen sitt sjøområde. Farvassavgifta vert belasta fartøy med 15 m lengde eller meir ved anløp til hamner eller innretningar for drift av akvakulturanlegg i kommunen.

Fartøy under 50 BT	Kr 0,- per anløp
Fartøy mellom 50 BT og 300 BT	Kr 170,- per anløp
Fartøy mellom 300 BT og 1200 BT	Kr 230,- per anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 300,- per anløp

Same fartøy vert ikkje belasta meir enn ein gong pr. døgn.

Sikkerheitsgebyr

Sikkerheitsgebyr er fartøyet sin betaling for bruk av kommunale ISPS godkjente hamneanlegg. Gebyret vert belasta fartøy med sikringssertifikat (SSC).

Fartøy under 1200 BT	Kr 357,- per anløp
Fartøy mellom 1200 BT og 2000 BT	Kr 595,- per anløp
Fartøy over 2000 BT	Kr 850,- per anløp
Passasjerlederlag	Kr 26,- per passasjer / Minstepris kr 15 000,-

Fartøy som betaler ISPS-vederlag per passasjer belastast ikkje ISPS-vederlag per tonnasje.

For anløp der kommunen må stille med personell vil det verte fakturert for brukt tid etter gjeldande satsar.

Avfallsgebyr

Avfallsgebyret skal dekke kommunen sine kostnader forbundet med mottak og vidare handtering av avfall og skal innkrevjast uavhengig om det vert levert avfall eller ikkje. Gebyret vert belasta fartøy som har anløp til kommunale kaier eller andre kaier der kommunen tilbyr avfallsløysingar.

Fartøy under 50 BT	Kr 129,- per søppelsekk
Fartøy mellom 50 BT og 1200 BT	Kr 412,- per anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 515,- per anløp

Farleg avfall, kloakk, lasterestar eller store mengder avfall må handterast av godkjend renovatør som vert bestilt og fakturert i kvart enkelt tilfelle.

Kaivederlag, kommersielle anløp

Kaivederlag er fartøyet sin betaling for bruk av kommunale kaier eller andre kaier som vert drifta av Herøy kommune.

BRUTTOTONNASJE	INTERVALL	PR. TONN	MAKSBELØP PR. DØGN
For dei første 2 000 BT	1 - 2 000	Kr 0,98	Kr 1 960,-
For dei neste 18 000 BT	2 001 - 20 000	Kr 0,60	Kr 12 760,-
For alt over 20 000 BT	Over 20 000	Kr 1,55	-----

Kansellering

Ved kansellering av cruiseanløp gjelder følgende:

Kansellering innanfor	Prissats
6 månader før ETA	30% av kaivederlag
48 timer før ETA	50% av kaivederlag
24 timar før ETA	100% av kaivederlag

Kansellering gjelder ikkje for endring av dato innanfor same kalenderår, og/eller endring av skip, så langt det er mogleg å gjere endringar basert på kapasitet.

Minstepris yrkesfartøy:

Fartøy under 12 meter	Kr 185,-
Fartøy mellom 12 meter og 15 meter	Kr 370,-
Fartøy over 15 meter	Kr 575,-

Vederlaget svarast for per påbyrja døgn (24 t liggetid).

Fiskefartøy under 15 meter betaler vederlag for bruk av kaier utover 14 dagar i ein kalendermånad etter følgjande satsar:

Fiskefartøy under 12 meter	Kr 1 030,- per månad
Fiskefartøy mellom 12 meter og 15 meter	Kr 1 427,- per månad

Fartøy som ikkje har aktiv AIS og let vere å melde inn anløp vert fakturert dobbelt vederlag!

Varevederlag

Varevederlag er betaling for bruk av kaiareal for lasting og lossing samt mellomlagring av gods før lasting/etter lossing.

Gjeld for kommunale kaier eller andre kaier som vert drifta av Herøy kommune.

Prisar for varer over kai:

- Bulklast: **kr 7,20 per tonn**
- Stykkgodsvarer: **Kr 16,50 per tonn**
- Varer i container: **kr 309,- per container**
- Båtar: **kr 309,- per stk.**
- Motorkøyretøy: **kr 309,- per stk.**

- Andre varer: **kr 16,50 per tonn**
- Varer som lossast/lastas til eller frå lekter og skip, utan at den går over kai, belastast med **1/3 vederlag**

Minstepris kr 175,-

Vederlaget skal bereknast ut frå vara si bruttovekt, når forholdet vekt/kubikk er større enn ½. Og ut frå vara sin bruttokubikk, når forholdet vekt/kubikk er mindre enn ½.

Varevederlaget inkluderer rett til å lagre last i 48 timar før/etter lasting/lossing, utover dette kjem følgjande tillegg.

- Containerar: **kr 187,- per container pr. døgn**
- Båtar/køyretøy/store konstruksjonar: **kr 187,- per stk. per døgn**
- Andre varer (stykkgods): **kr 17,50 per tonn per døgn** (Minstepris kr 170,- per døgn)

Arealvederlag

Betaling for bruk av tilfeldig hamneareal

Pristype	Pris	Minstepris
Lagring av varer	Kr 18,50 per kvadratmeter /veke	Kr 735,-
Lagring av 20 fots container	Kr 165,- per container /veke	
Lagring av 40 fots container	Kr 330,- per container /veke	

Sal av varer og tenester

Gjeld for alle kaier der Herøy kommune leverer slike tenester.

- Ferskvatn: **kr 26,- per m3**
 - Tilkopling: Sjå bruk av personell
- Straum: **kr 2,20 per kWh.**
 - Tilkopling: Sjå bruk av personell
 - Straumpris pr kWh vil kunne variere i løpet av året.
 - Effektagift vert fakturert etter faktisk kostnad.
 - Leige av transformator: **Kr 250,- per døgn.**
- Lastebil: **Kr 309,- per time**
 - Sjøfører: Sjå bruk av personell
- Hjulstar: **Kr 309,- per time**
 - Sjøfører: Sjå bruk av personell

Bruk av personell

- I tidsrommet kl. 08:00 - 16:00 måndag - fredag: **Kr 824,- per time**
- I tidsrommet kl. 16:00 - 21:00 måndag - fredag: **Kr 1 236,- per time**
 - Minstepris: **2 timar**
- I tidsrommet kl. 21:00 - 08:00 måndag - fredag samt på laurdagar, søndagar og andre heilag dagar: **Kr 1 648,- per time**
 - Minstepris: **2 timar**

Sakhandsamingsgebyr

Satsar for sakhandsaming etter lov om havner og farvann.

- Sakshandsamingsgebyr, enkle tiltak **kr 1.545,- per søknad**
- Sakshandsamingsgebyr, enkle tiltak m/synfaring **kr 2.575,- per søknad**
- Sakshandsamingsgebyr, større tiltak **kr 2.575,- per søknad**
- Sakshandsamingsgebyr, større tiltak m/synfaring **kr 4.120,- per søknad**